

# Referat medverknadsmøte områdeplan Rutlin-Ulvahaugen

Sogndal kommune inviterte tysdag 31.oktober til ope medverknadsmøte for områdereguleringsplan Rutlin-Ulvahaugen. Det møtte opp over 50 personar – både naboar, arkitektar, utbyggjarar og grunneigarar. På møtet ble det presentert rammer, mål og framdrift for områdeplanen. Asplan Viak, presenterte 3 konseptskisser som har blitt utarbeida i lag med kommunen.

Etter presentasjonane ble alle delt opp i grupper med ulike oppgåver. Gjennom oppgåvene skulle gruppene svare på kva dei ønskja i området, og skrive det ned. Nedanfor er referat frå medverknadsmøtet med gruppene sine innspel, delt inn i kategoriar. Dei som var på møtet, vart og oppfordra til å sende inn skriftlege innspel i etterkant av møtet. Dei er lagt ved den politiske saka i sin heilheit – men ikkje besvart.

## GRØNNE LUNGER:

*Stitoppen:*

- Brukt av skuleklasser under korona.
- Det er i dag ein eksisterande gangveg laga av brukarar opp på Stitoppen. Denne bør vurdera å bli utbetra – trapp?
- Stitoppen er øydelagt pga. utbygging. Det vart da lagt feil underlag. Naturen byrjar no å ta tilbake området
- Me i området ble lova att Stitoppen som tidlegare vart brukt til uorganisert aktivitet skulle bli opparbeida grøn. Dette er ikkje blitt utført!
- Plangrensa bør inkludere Stitoppen

*Haugen:*

- Behalde mest mogleg urørt natur på Haugen. Dette er «hjartebarnet».
- Behalde uteområdet, og viktig å bevare fotballbane (gamme), som blir mykje brukt av skule og speideren. Skogen og bakken rundt blir også mykje brukt.
- Einaste «virrvarr» i skogen. Bra sted for barneskuleelevarane, men kanskje det kan tynnast?
- Ein bør behalde trær – vindskjerming, støyskjerming og romskapande
- Grillhytte blir mykje brukt

*Generelt om grønstruktur:*

- Grøne lunger er identitet i området, det er ikkje bebyggelsen i seg sjølv. Det er viktig å peike på dei grøne lungene først.
- Utomhusarealet og grøntområde har førsteprioritet!
- Bør bruke elveleiet mtp. regnvatn og park
- Det bør vere naturlege grøntområde - ikkje berre område som er menneskeskapt/konstruerte
- Bevare grøne lunger i sentrum, parkar og møteplassar
- Viktig med grøntområde for uteleik, men og viktig med alternativ på uteområda som er for alle, og ikkje berre fokus på idrett. Til dømes å sette seg ned, spille sjakk, fontene, grillplass etc.
- Burde det vere ein akebakke her?

- Flate møteplassar for vaksne/eldre, ikkje berre leikeplassar. Dette for å minimere einsamheit.
- Uteplassar/parkområdet i forbindelse med blokkbebyggelse opplevast fort private. Dei må bli offentlege. Fleire peikar på at parkområda i bustadfelta må vere felles/offentlege
- Viktig med universell utforming

#### **TYPE BEBUARAR OG BRUKARE – KVEN SKAL BO HER OG BRUKE OMRÅDET:**

- Bør vere tilgjengeleg for alle – alle aldersgrupper. Det er viktig å legge til rette for dette.
- Sone A (Rutlin Gard) og sone C (Trolladalen, under Dalavegen), er for langt frå sentrum for eldre. Her bør det gjerast attraktivt for andre brukarar. Sone B (Ulvahaugen og Grushola) er nærmere nok sentrum for eldre.
- Viktig med tilbod etter etterspørsel
- Viktig å hugse på eldrebølgen
- Studentar vil gjerne bu i dette området
- Området er nære skulen, blir mykje brukt av dei
- Barnefamiliar

#### **INFRASTRUKTUR:**

- Behalde gangsti og møteplassar. Ein bør i tillegg oppgradere gangstiane, då dei skapar god framkomeleghet mot sentrum. Nokon av gangstiane kan vere for bratte. Ein bør her vurdera trapp. Det bør og kome nokon flatare turvegar med fokus på universell utforming
- Viktig å kartlegge eksisterande gangstiar
- Grunneigar på Ulvahaugen 9 (gbnr 20/15/23) er ikkje nøgd med slik gangvegen er skissert
- Viktig med vintervedlikehold og belysning
- Viktig med gode kommunikasjonsliner og grøn mobilitet, både for gå, sykle og e-sykkel jf. 5-10 min samfunn
- Den nye vegen mellom Rutlinslid og Dalavegen er viktig for å avlaste trafikk
- Den nye vegen mellom Rutlinslid stykker opp området og kan gjøre det vanskeleg med gardsdrift
- Minst mogleg parkering på bakkeplan – parkeringskjellarar er bra. Det bør vere minst mogleg trafikk rundt bustadar. Kan ein tenke bilfritt område?

#### **VIKTIGE OMSYN I OMRÅDET**

- Ikkje for høy bebyggelse/innsyn til psykiatrisenteret. Det bør heller ikkje vere veg/gangveg gjennom senteret. Ein bør skjerme pasientane.
- Det er utfordrande grunnforhold i området, mykje leire i grunnen. Det kan vere lurt å snakke med grunneigar, då dei sitt på mykje kunnskap om dette.
- Det blir stilt spørsmål ved om ein bygger ut alle grøntområde i området - kva gjer ein då med regnvatn?
- Det var ein gamal gard mellom Haugen og Rutlin i gamle dagar.
- Brannvesenet er avhengig av god tilkomst og oppstillingsplassar. Viktig mtp. høgdeforskjellarar, spesielt i fortetta område.

#### **RUTLIN GARD:**

*Innspel for å bygge ned Rutlin gard:*

- I Sogndal er fruktpreget viktig tradisjon og identitet. Dette er viktig å behalde, kanskje ikkje for næringa, men for identiteten. Er det mogleg med bustadar med felles frukthage?
- Landbruk har vore ein del av identiteten til området før og no. Usikker på om den vil vere det i framtida.
- Vanskeleg å behalde epletrær om ein skal fortette sentrum og fleire bustadar...
- Kan det vere mogleg å bruke gardstunet til noko – ope for fleire?

*Innspel for ikkje å bygge ned Rutlin gard:*

- Minst utbygging av natur. Kritiske til å bygge ned dyrka mark.
- Ønskjeleg med større utbygging av Ulvahaugen framfor utbygging av Rutlin gard og jordbruksareal
- Trist med nedbygging av alt av frukthagar....
- Gardstunet er viktig for vern av matjord og kulturhistorie
- Om ein bygger ned garden mister ein identiteten – «saftbygda». Det er og viktig at grunneigar er med på laget

#### **UTNYTTING:**

*Innspel for høgare utnytting:*

- Når ein først bygger, bør ein bygge tettare
- Utbygging i Grushola kan vere tettare/meir intensivt (der Sogn Brann og redning og Sognekraft er i dag)
- Fleire peikar på høg utnytting i sone B (Ulvahaugen og Grushola)
- Sone C (Trolladalen) er nærmere arbeidsplassar (Campus). Kanskje det bør vere høgare utnytting enn tett/lav? Kanskje opp til 4.etasjar?
- Grushola kan berre bli betre!

*Innspel for ein lågare utnytting:*

- Ikkje alt for tett bebyggelse, men meir fortetting med fokus på gode møteplassar og grøne lunger.
- Viktig å hugse at eksisterande bustadar får verditap ved tap av fjordutsikt
- Ikkje for høge bygg med tanke på sol, lys, utsikt
- Det bør ikkje byggjast for høgt føre Haugen mtp. sol og siktlinjer
- Ønskjer forslag 2 (medium) med ein høgare utnytting av Ulvahaugen og Grushola, og ikkje utbygging av Rutlin/landbruksjord
- Ikkje ønskje om ein «ghetto» med masse blokkar
- Usikker på om Dalavegen tåler all denne trafikken – kan bli kaos

#### **KVALITETAR SOM BØR SIKRAST I OMRÅDET:**

- Solrikt, utsikt, roleg, attraktivt og framleis grøne lunger
- Ta omsyn til estetikk. Dette peiker fleire på.
- Bør vere moglegheit for uorganiserte aktivitetar
- Viktig med utsikt mot sentrum og fjorden, og tilgang til den

#### **FRAMTIDIGE PERSPEKTIV SOM KAN VURDERAST I PLANARBEIDET:**

## Medverknadsmøte 31.10.2023

- Vurdera kolonihagar/sjølvdyrkning
- Bygge etter terrenget. Kan det vere mogleg med terrasse-bygningar?
- Kan ein transformere/bygge om bygga i Grushola?  
Er det mogleg å ikkje gjere noko – kva skjer då?
- Gardsdrift – er det kulturminne eller næring?
- Nyskapande aktivitetsanlegg
- Pumptrack og sykkelbane?

### NÆRING:

- Nokon meiner det er lite behov for nærbutikk, da dette nok ikkje vil bli lønnsamt
- Nokon meiner ein kan legge til rette for eit apotek, ein butikk eller kanskje eit vinmonopol

### INNSPEL RETTA MOT KOMMUNE:

- Kommune må ta på seg meir ansvar og legge i meir pengar
- Kommune må ta tak og stå ansvarleg for grøntområde. Dei kan ikkje la det gro att.
- Viktig med god framdrift mtp økonomi, nye politikare og nye tilsette i kommunen.  
Førreseilegheit og god kommunikasjon er viktig for naboar og utbyggjar, og tidspunkt for når planen er ferdig
- Er befolkningsveksten i tråd med kor mange plasser som blir presentert? Treng me alt?
- Det stillast spørsmål om det vil vere stor etterspørsel for bustadar om 30 år mtp kor mykje kommunen planlegg...?
- Kvifor kjem folk til Sogndal? Trengs det så mange nye bustadar? Er «by-Sogndal» attraktivt?



Nokre bilete frå møtet